

Fotball-cup, fellesskap og glede!

17.09.2015



Her er heile den flotte G-10 gjengen med unnatak av Anders Haugland som var skada.

I kveld har det vore skikkeleg god stemning på idrettsplassen på Heio. Det har vore arrangert fotball-cup for Gutar-10 år. Det var 8 lag frå Rosendal, Trio og Uskedalen. Det vart mange kampar, og både spelarane og dei mange blant publikum hadde det skikkeleg trivleg.

5.klasse i Uskedalen er ein unik gjeng, og samtlege i klassen spelar på same lag. Det er ikkje ofte ein høyrer at alle i klassen er med på laget! I cupar der det er 5 spelarar på banen må det rett nok fordela seg på to lag slik at alle skal få spela mest mogeleg.

I kveld vart det mange mål og sigrar, og mykje humør og glede. Klart det er kjekt for publikum å sjå på ein slik flott og samansveisa gjeng!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjønnevåg